

Framleis ei reise for livet

Det byrja med Møre ungdomsskule i Nørvasundet. Visjonen var ein kristen skule som gav dei unge retning for livet.

Tekst: Ingrid Kvam Steinshamn
Foto: Instagram

100 år etter er skulen framleis i same sporet, understreka av slagordet "ei reise for livet". Dette må sjølvsgat feirast, og feiringa har vore i gang ei god stund allereie. Likevel er den største fellesmarkeringa venta komande helg, med jubileumsfest laurdag 27.september og jubileumskonsert søndag 28.september.

"Det eg håper for jubileumshelga er at mange skal slutte opp om ein skule dei opplever som sin. Å møte desse menneska, det gler eg meg til." – Sven Sæther (rektor).

Ein storsamling ein hundreåring verdi

Laurdag 27.september inviterer altså Borgund Folkehøgskule til storstilt jubileumsfeiring, og dei understrekar at her er alle velkomen! Det er viktig at de melder i frå om de kjem, så snart så råd – så dei kan sørge for nok mat til alle. Programmet vert av dei sjeldne, så her er det verkeleg fare for å gå glipp av noko. Jubileumskor, elevkor, innslag ved Borgpersonalet, helsing frå Erik Furnes, politikarar og andre.

Festtale ved Bjarne Kvam, kåseri ved Steinar Farstad og musikk ved Odd Johan Overøye m.fl. Det heile vert ramma inn av ein tre-retters middag i eit festkledd lokale.

Søndag 28.september kl 17.00 vert det Jubileumskonsert med tittelen "Syng livet – ein folkehøgskule feirar 100 år!". Her er lista over engasjerte minst like lang og flott som laurdagen. Vi kan blant anna nemne at Odd Johan Overøye framleis er med, Kåre Nymark og Ole Reinlund i tillegg til musikkklærarar frå dei siste 40 åra. Emblem Kristne Mannskor med Harald Myklebust, Ragnhild Eide Akslen, Ola Eide, elevgrupper og jubileumskoret så klart. Dette vert ei helg du bør få med deg!

Ei praktbok med bilete

Borg har sørga for ei flott jubileumsbok med gode historiar. Ein kan vel sei det slik at den er obligatorisk for alle Borgvener rundt om i det ganske land. Om du ikkje har fått boka i hende enda, så har du framleis høve til det.



Frank Aarebrot og Per Sævik

Frank Aarebrot og Per Sævik skal ha jubileumsseminar fredag 14.november. Dette seminaret vil handle om det sunnmørske verdigrunlaget - om det finst og finst framleis. Frank Aarebrot kjem nok til å nemne både Hans Nielsen Hauge og folkehøgskulane i demokratiutviklinga. Og Per Sævik

vil fortelje om kva verdiar han har bygd sine verksemder på.

Dei 100 neste åra

Borgund Folkehøgskule er blitt ein anerkjend "reiseskule", og reisetilboda er i stadig utvikling. Rektor, Sven Sæther fortel at skulen legg merke til at dei som vil reise, vil reise langt. Hausten 2015 startar dei med ei eiga Sykkellinje med Canada som mål. Vidare arbeider skulen med høva til å utvikle rimelege og miljøvenlege reiseliner som ikkje er avhengige av flyreiser.



Bileta er frå #borgfhs på Instragram.

Sjekk ut:
www.borgfhs.no.



Karl Arne Austnes
Kretsleder Sunnmøre
Indremisjon

Borg i hundre

Borgund Folkehøgskule er hundre år i år og helga 27. – 28. september blir dette feira med jubileumsfest og jubileumskonsert.

Folkehøgskulen vår har ei spennande historie som går meir enn hundre år tilbake. Diktarpresten N.F.S. Grundtvig frå Danmark er rekna som folkehøgskulen sin far. Tanken hans var å få ein skule som var eit alternativ til puggeskulen, ein «Skule for Livet». Desse tankane fengde i Norge og den første ungdomsskule vart reist i Telemark i 1893 men då med meir kristelig liv i pakt med vekkingsrørsla som gjekk over landet vårt i den tida.

Til Sunnmøre kom «puffet» til å reise ein kristen ungdomsskule frå Trøndelag. Sunnmøringen Gudleik Kalsnes kom frå Fredly Ungdomsskule og vart første rektor på Sunnmøre Ungdomsskule i 1908, i leigde lokalar i Ulsteinvik. Denne skulen eigde Sunnmøre Indremisjon saman med Ungdomsforbundet og den er fortsatt i drift i Ulsteinvik, no som Sunnmøre Folkehøgskule.

Det kom tidleg til usemje om tomteval og stad for skule. Nokon ville bygge i Ulsteinvik medan andre ville flytte til Borgund. Kalsnes braut då opp og kjøpte tomt i Nørvasundet og starta opp Møre Ungdomsskule på privat basis. Sunnmøre Indremisjon skilde lag med Ungdomsforbundet og var ikkje lengre skuleeigar.

Likevel heldt skuletanken seg varm i organisasjonen og då Kalsnes omkom i ei bilulykke i august 1936 stod krinsen klar til å ta over skulen. Sidan har Sunnmøre Indremisjon vore eigar av ungdomsskulen som seinare flytta til Hatleholen og fekk namnet Borgund Folkehøgskule.

Kva har so skulen betydd i alle desse åra? Det er uråd å vite, men vi veit at den har hatt stor påverknad på livskurs og livssyn for mange. Vi kan rekne med at minst 7.500 ungdomar har vore elevar på skulen vår gjennom desse hundre åra. Det er eit formidabelt tal som viser at mange har møtt kallet til frelse og til teneste for sin Herre og sin neste og fått livet forandra etter eit år på Møre eller Borg.

«Vi kan rekne med at minst 7.500 ungdommar har vore elevar på skulen vår gjennom desse hundre åra.»

Kva så med framtida? Skulen står fram som ein livskraftig hundreåring. I jubileumsåret har vi gleda av å ynskje meir enn hundre elevar velkomne til Borg. Eit dyktig personale og godt vedlikehaldne skulebygningar står klar til vidareføre visjonen om at Borgund Folkehøgskule skal vere ein skule for Livet! Men skulen treng eit misjonsfolk som står bak i offer og bøn. Difor vonar vi at mange vil ta turen til Borg denne jubileumshelga og at mange vil gi skulen ei stor jubileumsgåve. Sist, men ikkje minst. Be om at skulen fortsatt får vere til velsigning for ungdommen i Norge.

Det er gøy å treffes

Eg pakker bilen med barn, bibel, erter og kamera og set kursen mot Møre barne- og ungdomsskule i Herøy.

Tekst og foto: Rannveig Nybo

På ferga kjem det vanlege: Kan vi få kjøpe is? Litt springing på båtdekket, så er vi klar for siste etappe.

Nei, er de også her? Vi kjem fram til målet og vert møtt av kjente ansikt og «gamle» venar. Under middagen i etterkant av møtet vert

mamma gjerne bytta ut med venner frå leir. Møre barne- og ungdomsskule er eit flott bygg! Å ha søndagsskule i ein barneskuleavdeling er jo luksus! Først snakka vi om Samuel som salvar David. «For menneska ser det som auga ser, men Herren ser på hjartet» svara Gud. Vi var enige om at det hadde jammen vore kjekt med røntgenbriller. Etter andakta og song er det tid for leik! «Flytte erter med sugerør»-leiken, lego, byggeklossar, m.m.

Nokre veker seinare er det igjen på tide å fylle bilen med barn og kamera og setje kursen mot

Atlantehavsparken for å feire Søndagsskule sin bursdagsfest. Og vi var så vist ikkje dei einaste! Igjen vart mamma bytta ut med venar frå leir, frå søndagsskulen, frå nabobygda, ja, dei var der alle! Festen inneheld både trylling, humor, forkynning, sjonglering med sabel og eldsluking!

Det er kjekt å treffes! Det er kjekt å vere i ein større samanheng, å treffe att vener. Anten man reise på Storsamling, til søndagsskulefest eller leir!

Pit Stop 2014

Pit-Stop begynner å bli et merkenavn i Sunnmøre Indremisjon.

Tekst: Eivind Landro
Foto: ImF Media

Ordet kommer fra Formell, bilsporten, og referer til når bilene kommer inn for å skifte dekk og fylle drivstoff før de skal kjøre videre for å prøve å vinne billøpet. De tar et pit-stop.

Dette er fremdeles utgangspunktet for vårt arrangement Pit-Stop. Vi trenger en pause for å få påfyll før vi fortsetter løpet. Av og til har vi fokus på å få påfyll, og av og til har vi fokus på løpet. Men det er uansett viktig med et pit-stop.

Årets Pit-Stop arrangement skal være på Emblem bedehus helgen 17.-19. oktober. Årets taler er Roald Kvam som mange kjenner fra tiden som rektor på Bildøy Bibelskole. Han er nå Pastor i Tremorkirken på Sotra utenfor Bergen. Han er nok godt kjent blant de voksne i organisasjonen vår, men han er nok ikke så veldig kjent blant den yngre garde, så vi gleder

oss til de skal få bli kjent med han.

Roald skal tale over temaet radikal. Hva vil det si å være radikal? Hvordan ser det ut? Undertemaene for de tre talene han skal ha er: «Radikal tro», «Radikale felleskap» og «Radikal godhet». I tillegg så skal han også ha seminar om «hva er poenget med Jesus?»

Det er også andre som skal ha seminar. Ragnhild Huse skal ha et seminar som heter: «Menneskeverd: Historien om et liv» og Ingrid Kvam Steinshamn som er ny leder i Ung Misjon skal ha et seminar om identitet og selvbylde.

Som du sikkert forstår så blir dette en fantastisk helg, og når det i tillegg blir Gospelnight, lovsang, quiz m.m så sier det seg selv at dette bør en ikke gå glipp av!

Dersom du har lyst å høre talene og seminarene så blir de lagt ut på podcasten vår etter Pit-Stop.

ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

Heimemisjoen
Redaktør: Karl Arne Austnes
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70
Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
E-post: sunnmøre@imf.no
Internett: www.imf.no/sunnmore
Ung Misjon: www.ungmisjon.no

Brudalsheimen
Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255

Orreneset Misjonssenter
Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211

Daggry barnehage
Telefon: 70 18 24 97
Bankgiro: 3000.21.36682

Borgund Folkehøgskule
Telefon: 70 17 76 00
Bankgiro: 8220.002.20788

Møre Ungdomsskule
Telefon: 70 17 66 70
Bankgiro: 8220.02.80287

Møre Ungd.skule Herøy
Telefon: 70 08 05 50
Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået Sunnmøre A/S
Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56

Si-Reiser AS
Telefon: 70 17 90 00
www.si-reiser.no

Radio Sentrum
Telefon: 70 15 41 00
Bankgiro: 3900.21.10311
www.radiosentrum.no



www.ungmisjon.no NLMung

“Åpne dører på Sunnmøre



Det var mykje morro då familiane samlast på leir.

I midten av august byrja eg i nyoppretta, halv stilling som områdeleiar for Åpne Dører på Sunnmøre.

Tekst og foto: Olaug Lillian Bjørke

Eg har vore engasjert på frivillig basis for Åpne Dører i fleire år, blant anna som kontaktperson

på heimstaden min, Ellingsøy. Saman med gode venninner har eg også engasjert meg i «Women 2 Women», kvinnearbeidet til ÅD. Å vere med i denne samanhengen, har gitt meg uendeleg mykje. Det er eit privilegium for meg å no kunne nå ut til endå fleire med arbeidet til ÅD, også utanfor heimstaden min.

Dei forfulgte treng verkeleg vår støtte, forbønn og omsorg. Men dei har også noko viktig å lære oss! Eg vil først nemne den store kjærleiken dei har til Bibelen, Guds ord. For fleire av dei forfulgte, er deira største ønske å få sin eigen bibel. Dei som er så heldige å ta imot den gáva, brukar den flittig. Nokon les gjennom heile Bibelen fleire gongar, når dei endeleg får den i hendene sine. Mange lærer bibelvers og kapittel utenat. Kanskje får dei ikkje ha den for alltid? Det gjeld å vere forberedt. I kontrast til dette tenker eg på korleis det er her hos oss i Noreg. Vi som er kristne, har kanskje fleire bibelutgåver liggande i heimane våre. Åpnar vi biblane våre, i takknemlegheit for at vi har Guds ord fritt i blant oss? Eg trur vi har mykje å lære av dei forfulgte sitt forhold til Guds ord, og deira «iver etter å lære Herren å kjenne», som det står i Hos. 6,3

«Forfølgelsestider er høysesong for evangelisering», uttalte ein nigeriansk pastor tidelgare i vår. Det underlege er at der forfølgelsen er stor, der går også evangeliet mest fram! Det

vert viktig for dei forfulgte å dele evangeliet vidare, og spreie Guds lys i mørket som omgir dei. I forfølgelsen har dei eit anna perspektiv på livet her på jorda, eit evighetsperspektiv. Det perspektivet får også noko å seie for livet dei lever her på jorda. Her har dei mykje å lære oss i «den frie, rike verda».

Åpne Dører og Indremisjonsforbundet inngjekk ein samarbeidsavtale i 2011, der ÅD får informere om arbeidet sitt på bedehusa og brukast som ressurs på samlingar og stevner i IMF-regi. Eg håper dette samarbeidet vil bli enda meir synleg her på Sunnmøre. Du er velkommen til å ta kontakt med meg, om du ønsker besøk på ditt lokale bedehus, i bønnegruppa eller foreininga. I tillegg til informasjon og vitnesbyrd, deltek eg gjerne med song og musikk.

Kontakt: olaugb@od.org / 90853939

KRINSNYTT

Takk til Jon Teigen

1. september slutta Jon Teigen i stillinga si som seniorrådgjevar i Si-REISER A/S. Dermed er ein epoke slutt for selskapet. Jon er gründeren som har vore med og leia selskapet heilt sidan det vart etablert, til det i dag står fram som det største selskapet i Norge som tilbyr «Kristne feriereiser». Jon har «stå-på» vilje, han er kreativ og nyskapande og har stor kontaktflate. Desse eigenskapane har kome godt med alle åra i Si-REISER. Vi vil rette ein stor takk til Jon for innsatsen og ynskjer Guds signing for framtida.

Takk til Ove Kopperstad

Denne hausten sluttar også Ove Kopperstad som rektor på Møre Ungdomsskule, Ålesund. Ove har nesten heile si yrkesaktive karriere vore tilsett på ein av skulane våre. Han starta som lærar og inspektør på Borg og då vi etablerte vår første kristne ungdomsskule i Ålesund var det naturleg å spørje Ove om å bli rektor. Ove er kunnskapsrik, stodig og klok og Møre Ungdomsskule har under hans leiing utvikla seg til å bli ein god kristen skule med gode faglege resultat. Vi vil også rette ein stor takk til Ove og ynskjer Guds signing for framtida.

Eyvind Volle ny misjonssekretær

Vår tidlegare forkynnar Eyvind Volle er tilsett som misjonssekretær for Den Indre Sjømannsmisjon i Rogaland. Eyvind tok til 1. august i 100 % stilling samtidig som han skal fullføre studiet i bibelomsetting på Misjonshøgskulen i Stavanger. Eyvind er fortsatt med på reiseruta vår for hausten og han avviser ikkje heilt at vi kan få bruke han litt til våren heller. Vi gratulerer vår tidlegare forkynnar med ei viktig stilling i misjonen og ynskjer Guds signing over liv og teneste.

REISERUTER september - oktober

KARL ARNE AUSTNES:

21.09: Østre Ellingsøy, 21.09: Sykkylven, 25.09: Østre Ellingsøy, 27.09: jubileum Borg, 28.09: Sunnmørskirka, 09.10: Frøystad, 12.10: Stranda, 14.10: Follestadalen

RANVEIG AURE NYBØ:

24.-26.10: Hausttreff Brusdalsheimen, leir 5.-7.kl., 30.10: Skodje

EIVIND LANDRO:

19.-21.09: Tøntreff Orreneset

KJELL FURNES:

19.-21.09: Godøy, 28.09: Sunnmørskirka, 05.10: Østre Ellingsøy, 10.-12.10: NRI, 15.-

25.10: Israel (Radio Sentrum), 29.-30.10: Lid

HARRY VALDERHAUG:

05.10: Godøy

PER SÆVIK:

28.-29.10: Sydø og Eidså

ERIK FURNES:

27. – 28.09: Borg, jubileumshelg,

HÅRE MAGNE REMMEN:

19.-21.09: Ytre Ellingsøy

EYVIND VOLLE:

26.-28.09: NRI, 24.-26.10: Hundeidvik

ROBERT UGGEDAL:

16.10: Lepsøy, 29.10: Åmdal

SOLFRID ULSTEIN RIISE:

20.-21.09: Fiskå

LINDA AUSTNES:

12.10: Sykkylven bhf

GUNNAR KJØDE:

29.10: Sjøholt

HELGE DIMMEN:

01.-02.10: Eidsdal

JOHAN HALSNE:

14.- 19.10: Sjøholt/Skodje, 20.-23.11: Berge

ROALD EVENSEN:

14.-19.10: Fellesmøter i Volda, 29.10- 02.11: Godøya,

INGBJØRN VINGEN:

16.-19.10: Valle

BJARTE VESETVIK:

24.-26.10: leir Brusdalsheimen, Hausttreff 5.-7.kl.

LARS ERIK NESSETH OG PAUL EIKREM:

17.-19.10: fellesmøter Sula

ANNE NYVOLL FURNES:

17.-18.10: Inspirasjonsdager for kvinner, Brusdalsheimen

Inspirasjonshelg for kvinner

Brusdalsheimen
17.-18. oktober



Taler: Anne Nyvoll Furnes
Tema: ” Du er Gud, den som ser.”

Påmelding: Sunnmøre Indremisjon: 70 17 86 70
Brusdalsheimen: 70 27 45 53

Velkommen!





SunnmørsKirka

Ordet nær - mennesket nær!

Ålesund bedehus

Søndag 28. september kl. 12.00



Taler: Generalsekretær
Erik Furnes

Velkommen!